



STORTINGET

Innst. 283 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 93 S (2021–2022)

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune

Til Stortinget

Sammendrag

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om revidert bompengelopplegg og finansieringsplan for fv. 659 på strekninga Skjeltene–Harøya (Nordøyvegen) i Ålesund kommune (tidlegare Haram og Sandøy kommunar) i Møre og Romsdal.

Stortinget har tidlegare gitt tilslutning til bompengefinansiering av prosjektet gjennom handsaminga av Prop. 140 S (2016–2017) Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal og Innst. 468 S (2016–2017).

Etter stor kostnadsauke vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal fylkeskommune i 2018 nytt finansieringsopplegg for prosjektet. Dei auka kostnadene er foreslått finansierte med fylkeskommunale midlar og auka bompengebidrag.

Hovudarbeida starta tidleg i 2019, den sørlege delen av prosjektet blei opna for trafikk i desember 2021 og siste del av prosjektet er venta opna for trafikk sommaren 2022.

Nordøyvegen består av tre undersjøiske tunnelar, ein landtunnel og tre bruer og vil gje fast vegsamband til Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya, Fjørtofta og Harøya/Finnøya. Desse øyane blir omtalte som Nordøyane. Prosjektet er nærare omtalt i Prop. 140 S (2016–2017) Fi-

nansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal.

Styrings- og kostnadsramma var opphavelig fastsett til 3 442 mill. 2017-kroner og 3 786 mill. 2017-kroner. I 2022-prisnivå svarer dette til 4 058 mill. kroner og 4 464 mill. kroner. Bompengedelen var fastsett til 460 mill. 2017-kroner, dvs. 13,4 pst. av styringsramma. I 2022-prisnivå utgjer dette eit bompengebidrag på 542 mill. kroner.

Etter at tilbudsutlysinga for hovuddelen av prosjektet var avslutta, blei det klart at faktiske tilbod var vesentleg høgare enn føresett. Beste tilbod på hovudkontrakten var om lag 1 200 mill. 2018-kroner høgare enn det som låg til grunn i siste overslag. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 11. desember 2018 å auke styringsramma til 4 900 mill. 2018-kroner. Kostnadsramma blei fastsett til 5 340 mill. 2018-kroner.

I november 2020 gjorde fylkesutvalet vedtak om å auke styrings- og kostnadsramma for å forsere opninga av delar av prosjektet. Etter denne justeringa er styringsramma for prosjektet på 5 564 mill. 2022-kroner og kostnadsramma på 6 062 mill. 2022-kroner.

Etter vedtak i fylkestinget blei hovudkontrakten inngått og prosjektet starta opp. For å sikre finansieringa av prosjektet legg Møre og Romsdal fylkeskommune til grunn ein auke i bompengebidraget på 134 mill. 2022-kroner til prosjektet i forhold til det som var lagt til grunn i Prop. 140 S (2016–2017).

Det er gjennomført ei ny ekstern kvalitetssikring (KS2) av bompengelopplegget for fv. 659 Nordøyvegen, som blei ferdig i februar 2021. Kvalitetssikringa har omfatta finansieringsgrunnlag, trafikkgrunnlag og finansieringsevne. Ifølgje ekstern kvalitetssikrar er bompengefinansieringa robust då det blir teke utgangspunkt i eit konservativt trafikkanslag og bompengelånet lét seg fi-

nansiere under føresetnadene til prosjektet. Vidare viser analysen at fylkeskommunen ikkje kan finansiere lånedelen sin basert på ferjeavløysingsmidlar og andre tilskot/overføringar åleine, og må finne andre budsjettmessige innsparingar eller inntektskjelder for å kunne betene lånet.

Det er fylkeskommunen som har ansvaret for heile byggjeprojektet.

Finansieringsopplegget for fv. 659 Nordøyvegen omfattar fylkeskommunale midlar og eit bompengedrag. Dette inneber at Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for nødvendige låneopptak for å finansiere framtidige kommunale tilskot knytt til prosjektet. Kostnadsauken i prosjektet er føreset finansiert med ein auke i fylkeskommunale midlar og bompengedraget. Fylkeskommunale midlar utgjer om lag 87,9 pst. og bompengedraget om lag 12,1 pst. av finansieringa. Eventuell auke ut over kostnadsramma er fylkeskommunen sitt ansvar og kan ikkje dekkjast med bompengar. Eventuelle kostnadsreduksjonar på inntil 10 pst. skal delast mellom fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma.

Samla finansielt bidrag frå fylkeskommunen er rekna til 4 888 mill. kroner. I dette inngår mellom anna mva-kompensasjon og bidrag frå kommunar og næringsliv i form av tilskot. Ferjeavløysingsmidlar inngår òg i fylkeskommunen sitt finansieringsopplegg. Fylkeskommunen er derfor ansvarleg for nødvendige låneopptak for å finansiere prosjektet, uavhengig av storleiken på framtidige tilskot, kompensasjonar og ferjeavløysingsmidlar.

I Prop. 140 S (2016–2017) Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal og Innst. 468 S (2016–2017) blei det lagt til grunn eit bompengedrag på 460 mill. 2017-kroner, som innebar at bompengar skulle stå for om lag 13,4 pst. av finansieringa. Det utgjer om lag 542 mill. 2022-kroner. Bompengedraget er foreslått auka med 134 mill. kroner til 676 mill. 2022-kroner.

Samferdselsdepartementet viser i proposisjonen til at dei har merka seg den store kostnadsauken i prosjektet og at Møre og Romsdal fylkeskommune likevel har starta opp prosjektet før Stortinget har handsama nytt bompengedrag. Departementet legg til grunn at lokale styresmakter har vurdert det som nødvendig å utvide finansieringsramma gjennom auka takstar og å forlenge innkrevjingsperioden for bompengar for fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal, for å kunne finansiere prosjektet.

Hovudregelen om 15 eller 20 års innkrevjingsperiode i bompengeprojekt står fast, men departementet foreslår at det blir gjort unntak for ein innkrevjingsperiode på 25 år, grunna den vesentlege kostnadsauken i prosjektet. Vidare legg departementet til grunn at dersom

økonomien for bompengeselskapet blir betre enn føreset, skal dette i første omgang nyttast til å redusere innkrevjingsperioden, ikkje til reduserte takstar, slik at dei samla finansieringskostnadene blir så låge som mogleg.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jone Blikra, Kirsti Leirtrø og Nils Kristen Sandtrøen, fra Høyre, Trond Helleland, Erlend Larsen og Charlotte Spurkeland, fra Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen, Geir Inge Lien og lederen Erling Sande, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Frank Edvard Sve, og fra Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, viser til Prop. 93 S (2021–2022) Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune. Proposisjonen omhandler revidert bompengedrag og finansieringsplan for fv. 659 på strekningen Skjeltene–Harøya (Nordøyvegen) i Ålesund kommune (tidligere Haram og Sandøy kommuner) i Møre og Romsdal.

Komiteen viser til at Nordøyvegen er et ferjeavløsningsprosjekt som består av tre undersjøiske tunneler, en landtunnel og tre bruer som gir fast veiforbindelse til Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya, Fjørtofta og Harøya/Finnøya. Prosjektets styrings- og kostnadsramme var opprinnelig fastsatt til henholdsvis 3 442 mill. 2017-kroner og 3 786 mill. 2017-kroner. Det reviderte bompengedraget og finansieringsplanen øker styrings- og kostnadsrammen til henholdsvis 5 564 mill. 2022-kroner og 6 062 mill. 2022-kroner, hvorav det opprinnelige bompengedraget på 542 mill. 2022-kroner foreslås økt med 134 mill. 2022-kroner til totalt 676 mill. 2022-kroner. Det er også foreslått forlenget innkrevningstid, økte takster og innført betaling for nullutslippskjøretøy.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, merker seg prisveksten i prosjektet og at dette medfører et behov for forlenget innkrevingsperiode for bompenger. Hovedregelen for innkreving er nedbetaling etter 15 eller 20 år, men i dette prosjektet foreslår departementet en innkrevingsperiode på 25 år. Flertallet understreker at dette er en ekstraordinær situasjon, og at man bør sikre at man har bedre buffere for å unngå dette i fremtiden. Ved lengre innkrevingsperioder går bompengene i større grad til å betale renter enn selve investeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til Representantforslag 237 S (2021–2022) fra Fremskrittspartiet om å kutte ferjebillettene på Nordøyvegen. Disse medlemmer foreslår i den saken at Nordøyvegen skal få kutt i bompenger finansiert

av statlige midler, tilsvarende ferjebillettene beregnet med utgangspunkt i prisen per 1. januar 2021.

Disse medlemmer viser spesielt til at regjeringen har foreslått å gjøre ferjene gratis for alle passasjerer på forbindelser til øysamfunn med færre enn 100 000 reisende per år. Nordøyane som Nordøyvegen omfatter, er slike øysamfunn, og disse medlemmer mener at gratis «ferjebillett» også må omfatte Nordøyvegen i form av tilsvarende kutt i bompengene.

Disse medlemmer viser også til nylig informasjon fra Møre og Romsdal fylkeskommune om at prosjektet går bedre og blir billigere enn planlagt, og at det ligger an til besparelser på om lag 200 mill. kroner. Dette danner også grunnlaget for at bompengene ikke burde økes, da det ikke er behov for dette for å fullfinansiere prosjektet.

Disse medlemmer støtter følgelig ikke økningen i bompenger som foreslås i denne proposisjonen, og viser for øvrig til omtale og forslag i Dokument 8:237 S (2021–2022).

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Vegamot AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen. Vilråa går fram av Prop. 93 S (2021–2022).
2. Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet kan inngå avtale med bompengeselskapet Vegamot AS om delfinansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor dei vilråa som er fastsette i Prop. 93 S (2021–2022).

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 10. mai 2022

Erling Sande

leder

Frank Edvard Sve

ordfører

